

## **MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL**

Møtedato: 27 – 28. aug 2020

Stad: Kamben. Gol

### **Desse møtte frå Regionrådet:**

Solveig Vestenfor, Ål kommune

Pål Rørby, Hemsedal kommune

Petter Rukke, Hol kommune

Herbrand Jegleim, Gol kommune

Tore Haraldset, Nesbyen kommune

Merete H. Gandrud, Flå kommune

### Desse møtte frå rådmannsutvalet:

Ole Johnny Stavn, Hol kommune

Karsten Popp Dideriksen, Ål kommune

Hege Mørk, Gol kommune

Ola Frogner, Hemsedal kommune

Henrik Skovly, Nesbyen kommune

Odd Egil Stavn, Flå kommune

### Desse møtte frå administrasjonen:

Jan Olav Helling, dagleg leiar

Knut Arne Gurigard, seniorrådgjevar

---

## **SAK 34/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 29.5.2020**

### **Vedtak:**

Protokollen 29.5.2020 er godkjent.

## **SAK 35/20 KORLEIS SKAL REGIONRÅDET ARBEIDE OG KVA SKAL ME ARBEIDE MED**

Regionrådet drøfta rollefordeling, møtegjennomføring og vedtaksoppfølging

Me gjekk gjennom restanselista på saker frå 2019 og 2020

I tillegg gjekk me gjennom innspel til strategisk plan Hallingdal frå Hallingtinget og arbeide vidare med desse.

**Konklusjonar:****Rolle, vedtak, møtegjennomføring.**

- Saker til regionrådet skal sendast ut til alle kommunestyremedlemmer i dalen ei veke før møte.
- Innspel til saker til regionrådet frå kommunestyremedlemmer i kommunane går gjennom dei respektive ordførarane.
- Både ordførarar, rådmenn og administrasjon har talerett i regionrådsmøter, mens det er ordførarane som har stemmerett.
- Restanseliste vart gjennomgått, sjå vedlegg.

**Strategisk plan**

- Dagleg leiar utarbeider eit utkast til strategisk plan basert på innspel frå Hallingting og Regionråd til neste møte.
- Ordførarar og rådmenn inviterer dagleg leiar til sin kommune for presentasjon av regionrådsarbeid og arbeid med strategisk plan.

**SAK 36/20 OVERFØRING AV KOMMUNESTYREMØTER****Vedtak:**

Regionrådet ber dagleg leiar om å innhente tilbod på ei løysing med overføring av kommunestyremøta i alle kommunar både på FM radio og med bilete på nett.

**SAK 37/20 SØKNAD OM STØTTE TIL FILMPROSJEKTET «DET KVITE GULLET – HISTORIA OM KRAFTUTBYGGING I HALLINGDAL»****Vedtak:**

Regionrådet ser med interesse på søknaden og meiner at det viktig å dokumente denne delen av historia til Hallingdal. Regionrådet har imidlertid ikkje avsett midlar til dette formålet og må derfor gi avslag på søknaden.

**SAK 38/20 TILSKOT/SPONSORORDNING FOR IDRETTS- OG KULTURAKTIVITETAR I HALLINGDAL****Vedtak:**

1. Regionrådet for Hallingdal i samarbeid med Hallingdal kraftnett vil frå 2021 etablere ei felles tilskots/sponsorordning for idretts- og kulturaktivitetar i Hallingdal, der Regionrådet for Hallingdal administrera løysinga og der Hallingdal Kraftnett løyver eit årleg tilskot til løysinga. Hallingdal Kraftnett AS deltek i saker der det skal gjerast vedtak om kven som får tildelt midlar.
2. Følgjande retningslinjer skal gjelde for ordninga:
  - Tilskot skal gjelde tiltak med moglegheit å famne heile Hallingdal
  - Tilskot skal gjelde barn og unge
  - Enkeltpersonar kan ikkje søkje om tilskot
  - Tilskot skal profilere Hallingdal på ein positiv måte
3. Årleg beløp på kr. 300 000 blir disponert på følgjande måte

- a. Kr. 100.000 til Hallingdal Fotballklubb er allerede disponert direkte av styret i Hkn med bakgrunn i årleg samarbeidsavtale
  - b. Kr. 200 000 blir disponert av regionrådet i samarbeid med adm. dir. i Hkn. Dette beløpet kan det søkjast om tilskot frå, søknadsfrist 1.mars. Det er opning for å søkje om fleirårig løyving.
4. Det skal haldast årleg evalueringsmøte av ordninga, mellom Regionrådet for Hallingdal og Hallingdal Kraftnett, som regionrådet tek initiativet til.

#### **Sak 39/20 INFORMASJONSSAK. NORTURA – KVA ER GJORT OG KORLEIS SKAL REGIONRÅDET ENGASJERE SEG.**

Regionrådet er opptatt av å sikre arbeidsplassane i dalen. Knut Arne informerte om kva som er gjort så langt. Det er sett ned ei arbeidsgruppe som utarbeider eit opent brev, til leiinga i Nortura. Dette brevet vil innehalde faglege funderte spørsmål, og argumentasjon for korleis ein kan behalde slakteriet på Gol. Brevet vil bli drøfta med Regionrådet før utsending.

#### **Sak 40/20 INFORMASJONSSAK. SAMARBEID MED VIKEN**

1. Regional planstrategi. Kort info om prosessen så langt. Planstrategien kjem som eigen sak på neste møte.
2. Sats på Hallingdal. Kort informasjon om søknaden. Kjem attende med meir info når søknadssvaret kjem.
3. Pilot for desentraliserte arbeidsplassar  
Viken har peika ut to Kongsbergregionen og Hallingdal som aktuelle for desentraliserte arbeidsplassar. Dette blir avklara seinare.

#### **SAK 41/20 INNSPEL TIL PARTNARSKAPSAVTALE GENERELL DEL MELLOM VIKEN FYLKESKOMMUNE OG REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL.**

##### **Vedtak:**

1. Regionrådet ønskjer ikkje gjera endringar på vedlagte avtaleutkast.
2. Regionrådet ønskjer å behandle den generelle delen og den spesielle del samtidig.

#### **Sak 42/20 EVENTUELT**

##### **Tilbod til unge demente i Hallingdal.**

Solveig spurte om tilbodet til unge demente. Rådmannsutvalet informerte om at tilbodet til demente, både unge og eldre, er noko kommunane og Helseleiarforum er opptatt av. Det er utfordrande å få på plass eit interkommunalt tilbod om plassar, fordi talet på tilfelle i dalen varierer, men at det er samarbeid mellom kommunane når det gjeld kompetanse.

##### **Info om næringsetablering**

Knut Arne orienterte om kva som er gjort og korleis prosessen har vore når det gjeld DEFA på Nesbyen.

##### **Orientering om distriktsnæringsutvalget**

Knut Arne orienterte kort om arbeidet i utvalet så langt

### **Orientering om intermediæravdeling**

Karsten orienterte. Belegget på intermediæravdelinga er til no i år på 68%. For at det skal gå i hop økonomisk for Ål kommune, må belegget ligge på 82,6%. Ål kommune tapar mykje på dette og det vart drøfta kva ein kan gjera for å rette på dette.

### **Vedtak:**

Avtala som regulerer samarbeidet om sengeplassar blir tatt opp og gjennomgått på neste regionrådsmøte. Vidare ønskjer regionrådet at samhandlingsleiaren i Hallingdal, Geir Strømmen tek ein grundig gjennomgang av ordninga og statistisk grunnlag, samt informerer om kor langt ein har kome med HALLIS.

### **Orientering om barnevern**

Karsten informerte om at Hallingdal barnevern har vorte med på BUFDIR sitt veiledningsopplegg, samt at det vil bli endring i barnevernsorganiseringa frå 2022, jfr Barnevernsreformen.

### **Vedtak:**

Regionrådet inviterer barnevernstenesta til regionrådsmøte i februar for å si litt om BUFDIR sitt opplegget og om den endringa som vil bli innført i barnevernet frå 2022.

### **Fagskule**

Pål informerte om ein person som jobbar med å få til eit fagskuletilbod i Hemsedal. Regionrådet si tilråding er å kople denne personen på Fagskulen på Geilo

Ål 31. august 2020

Jan Olav Helling  
Dagleg leiar

### **Vedlegg:**

**Restanseliste**